



Ulvanåso er eit fristande mål også i september. Dette biletet vart teke 22. september i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fjella i distriktet vårt lokkar stadig fleire og kombinasjonen Rosendal/Uskedalen er ikkje minst interessant.**

**Nå går DNT-Fjellsport Bergen ut og lokkar med fjellsportsamling her frå 14. til 16. september.**

"Fokus er på turglede og turfellessskap og i tillegg til dette kan vi love spenning og utfordringer for ferske og erfarne fjellsportere". heiter det på heimesida til DNT-Fjellsport Bergen.

Det blir mellom anna lova føring på bre og på luftige tinder, alt med godkjente instruktørar og førarar.

Bretur til Bondhusbreen opp til Vinduet, luftig topptur i Bjørndalstind, topptur på Ulvanåso og Gygrastolen og padling med instruktør på fjorden står på programmet. Både breturen og Bjørndalstindturen er allereie fullteikna.

Om Ulvanåso-turen heiter det at den er enkel og at du kan bli med på den sjølv om du har høgdeskrekk.

Overnattinga vil skje i lavo på Rabben Feriesenter.

Deltakarane kjem frå Bergen fredag ettermiddag og reiser attende søndag ettermiddag.

Av Ola Matti Mathisen